

Saman er me sterke

For næringslivet i Stord og Kvinnherad er det viktig at Sunnhordlandsregionen står saman.

Sunnhordlandsregionen med sine rundt 64.000 innbyggjarar er den nest største regionen i Hordaland fylke etter Bergen. Med sitt dominerande, men vakre øy- og fjordlandskap har regionen store utfordringar når det gjeld infrastruktur og kommunikasjonar. Dette gjeld vegnett, vegstandar og ikkje minst sjøtransport med ferje og hurtigbåtar.

Kvar dag reiser 26.110 personar til jobb internt i Sunnhordland - dette er vår felles bu- og arbeidsmarknad.

Sunnhordland er ein viktig industriregion, og eit tett samarbeid mellom verksemdene er ein viktig føresetnad for vidareutvikling.

Når me spør våre medlemmer kva som er dei viktigaste utfordringane sett i eit fem års perspektiv vert framtidsretta infrastruktur og regionsamarbeid peika på. For næringslivet i heile Sunnhordland er derfor utvikling av tette band og gode kommunikasjonar avgjerande for å vidareutvikla bu- og arbeidsmarknaden.

Næringslivet er ikkje opptatt av kommunegrenser, men av å skapa gode relasjonar, nye samarbeidspartnarar og det å styrka eiga drift. Dette viser dei gjennom klyngedanning, nettverksmøter, leiarmøter m.m.

I tider som no kor mange verksemdar i vår region opplever sviktande marknader og press på inntening, er det ekstra viktig at me står saman og utviklar tette samarbeidsarenaer.

Det at ein står saman er vist gjennom arbeid med viktige samferdsleprosjekt som har stor betyding for Sunnhordlandsregionen. «E134 Aust-vest-korridoren» som vil samla viktige og store næringsregionar, samt ferjefri E39. Ferjefri E39 skal binda regionane saman ved å redusera reisetida mellom dei store byane sør og nord for oss. Samstundes som ein jobbar aktivt for ein styrka E134 med diagonal til E39.

Saman er me sterke!

Kvinnherad Næringsservice – Silvia Tofte, dagleg leiar

Stord Næringsråd – Anne-Grete Sandtorv, dagleg leiar